

Referat frå rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 26. januar 2011
Stad: seminarrom 216 i HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Margareth Hagen, Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Ingen.

Frå gruppe C: Siri Fredrikson.

Frå gruppe D: Charlotte Sognnæs, Kjersti Monen Berge og Claudia Förster Hegrenæs.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 8. desember 2010

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Anne Hestnes er verneombod for instituttet i 2011 og 2012, og Kjetil Berg Henjum vara.
- B. Breivik orienterte om arbeidet med forskarutdanninga ved fakultetet. Saka vil bli sendt ut på høyring seinare.

Sak 4 – Budsjett for 2011 og rekneskap for 2010

Uthaug orienterte om budsjettet for 2011. Breivik nemnte at forskargruppene bør prioriterast med midlar i 2011. Fredrikson minte om at det bør setjast av driftsmidlar til studieprogramma. Instituttet opnar for innkjøp av ei avis og eit magasin på kvart fag dersom det er behov for dette.

Vedtak (samrøystes): Rådet ved Institutt for framandspråk godkjenner framlegget til driftsbudsjett for 2011. Rekneskapen for 2010 vert lagt fram til godkjenning i instituttrådsmøtet i februar.

Sak 5 – Høyring om breiddekrav til bachelorgraden ved HF

Studieleiar Fredrikson orienterte om saka. Utvalet for undervisning og internasjonalisering (UUI) drøftar saka meir inngåande 9. februar i år.

Vedtak (samrøystes): Når det gjeld forholdet mellom breidd og spesialisering i bachelorgraden, råder rådet ved IF til at studentane får mest mogleg fridom ved val av fag nummer 2. UUI utarbeider ei høyringsfråsegn på vegner av instituttet.

Sak 6 – Bachelorgrad i japansk

Breivik og Fredrikson orienterte om bakgrunnen for saka og samarbeidet med NHH om undervisninga på japansk. Breivik understreka at stillingssituasjonen på japansk er vanskeleg, sidan vi berre har éin tilsett, men dette må det arbeidast vidare med. Skagen peikte på at bachelorgraden ikkje har ein litteratur-disiplin. Dette vert meldt vidare til den fagansvarlege.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek den nye bachelorgraden i japansk i tråd med saksframlegget. Utvalet for undervisning og internasjonalisering får fullmakt til å vedta sjølve studieplanen for bachelorgraden.

Sak 7 – Drøfting av forskargruppene ved Instituttet

Breivik delte ut fakultetsdokumentet "Organisering av forskningsgrupper ved HF-fakultetet – Notat 10.05.07". Forskingsleiar Hagen orienterte om forskargruppene ved IF og elles ved fakultetet. Det vil bli rydda i presentasjonen av forskargruppene på nettsidene våre, og saka om forskargrupper vil bli drøfta i Forskingsutvalet ved instituttet i februar. Hagen ønskte synspunkt frå rådsmøtet på om vi bør ha ei strammare organisering av forskargruppene ved IF. Koppen var skeptisk til ei slik strammare organisering og også til å gje gruppene basisløyvingar, og syntest heller ikkje det ville vera ei god løysing å la forskargruppene ved IF ta over det ansvaret for forskarutdanninga som forskarskulane no har. Hagen meinte det burde ryddast opp i bruken av omgrep ved instituttet, slik at vi m.a. skil mellom forskingsprosjekt og forskargrupper.

Sak 8 – Godkjenning av nestleiar ved Institutt for framandspråk

Margareth Hagen gjekk på gangen under denne saka.

Vedtak (samrøystes): Rådet ved Institutt for framandspråk godkjenner framlegget frå instituttleiar om at Margareth Hagen skal vere nestleiar av Institutt for framandspråk i vårsemesteret 2011.

Hagen orienterte om at ho vil be om permisjon frå plassen i instituttrådet den tida ho er med i leiargruppa, dvs vårsemesteret 2011.

Sak 9 – Representant til innstillingskomiteen for instituttleiarstillinga

Leiv Egil Breivik gjekk på gangen under denne saka.

Vedtak (samrøystes): Rådet peikar ut Margery Vibe Skagen til å delta i innstillingskomiteen for stillinga som instituttleiar ved Institutt for framandspråk. Kjetil Berg Henjum er vararepresentant.

Vedtaket vart gjort etter framlegg frå Randi Koppen.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef